

Drama, dikt og politikk i Den norske bokbyen

Fjærland

14. – 16.august 2009

Fredag 14.8.

Kl 21.00 Musikar, poet og geni. Om Bob Dylan

Den danske forfattaren Asger Schnack spelar plater og fortel om Bob Dylan, låtane hans og Dylan si innverknad frå 1962 og opp til i dag.

Schnack har skreve bøkene ”Bob Dylan – en guide” der han tek føre seg samtlege plater Dylan har gitt ut, og ”Beatgenerasjonen” som spesielt handlar om den amerikanske låtskrivaren sitt forhold til Allan Ginsberg og beatpoetane.

Onkel Mikkell. Gratis.

Laurdag 15.8.

Kl 12.00 The Wonder of Obama: Signed, sealed or simply delivered. Who is Obama?

Ethelbert Miller analyserer fleire av dei viktigaste talane til Barrack Obama. Han vil også snakke om den kulturelle utviklinga som har gjort det mogeleg å velje Obama, og diskutere om han er ein ”one or two term” president.

Onkel Mikkell. Gratis.

Kl 13.30 Ketil Raknes: Om Obama som unorsk fenomen

Onkel Mikkell. Gratis.

Kl 15.00 Amar Bhidé: Kva for økonomiske utfordringar står USA framfor i den globale verda?

I boka ”The venturesome economy” som vart kåra av The Economist til ei av dei beste fagbøkene i fjor, argumenterer Amar Bhidé for at innovasjon og forskning i land som Kina og India ikkje utelukkande truer vestlege interesser, men snarare bidreg til å halde oppe vesten sine sterke økonomiar samstundes som det vert skapt økonomisk vekst på andre kontinent.

Onkel Mikkell. Gratis.

Kl 21.00 Konsert med Jon Fosse, Karl Seglem og Håkon Høgemo

Forfattaren Jon Fosse les tekstar frå sin forfattarskap i samklang med komponisten Karl Seglem sine tonar. Prosa og diktlinjene til Fosse smeltar saman til noko heilt eige. Ikkje mainstream dikt, ikkje mainstream folk, men Fosse – Seglem – Høgemo. Alle tre står i det vestlandske. Klangane, fargane og pusten frå det særleine fjord- og fjellandskapet i Sogn og Hardanger har sett tydelege avtrykk i det dei skapar.

Fjærland kyrkje. Kr. 150

Sundag 16.8.

Kl 12.00 Jon Fosse om sin forfatterskap

Den internasjonalt kjende dramatikaren Jon Fosse fyller 50 i år og samtaler med forfattaren Ingrid Storholmen om forfatterskapen sin.

Onkel Mikkell. Gratis.

Kl 13.30 Diktlesing ved Ethelbert Miller (USA), Asger Schnack (Danmark) og Ingrid Storholmen (Noreg / Gotland)

Kaffistova. Gratis.



Amar Bhidé (USA) er visiting scholar ved M-R center for Business and Government ved Harvard og Laurence D Glaubinger-professor i Business ved Columbia univeristetet. Saman med Nobelprisvinnaren Edmund Phelbs er han redaktør for tidsskriftet Capitalism and Society.

Jon Fosse (Bergen/Haugesund) er ein av dei sentrale samtidsforfattarane i Europa og ved sidan av Henrik Ibsen den norske dramatikaren som er mest spela nasjonalt og internasjonalt. Han har motteke alle dei store nordiske litteraturprisane og er kommandør av St Olav orden.

Håkon Høgemo (Osterøy/Årdal) er hardingfelespelar og spelar i trioën Utlå med Karl Seglem og perkusjonist Terje Isungset. For soloalbumet Solo vann han Spellemannsprisen. Høgemo har også vunne Spellemannsprisen saman med Sigrid Moldestad og Einar Mjølnes for albumet Gamaltnymalt

Ethelbet Miller (USA) er direktør for African-American Resource Center ved Howard universitetet. Han ser på seg sjølv som ein litterær aktivist og har motteke ei rekke prisar for dikta sine. Miller er styreleiar for Institute for Policy Studies (IPS) og er tidlegare leiar for Humanities Council of Washington DC.

Ketil Raknes (Oslo) er tilsett som politisk rådgjevar for statsråd Bård Vegar Solhjell i Kunnskapsdepartementet. Raknes har tidlegare arbeidd som rådgjevar i firmaet Burson-Marsteller Norge. Han var USA-korrespondent for Morgenbladet 2006-2007, kommunikasjonsrådgjevar i Norges Røde Kors 2005-2006, og har i fleire periodar sidan 1999 vore politisk rådgjevar i Sosialistisk Venstreparti. Raknes har mastergrad i amerikansk politikk frå Georgetown University i Washington DC og Universitetet i Bergen, og har dei siste åra hatt ansvar for studieturar til Washington DC for norske studentar, politikarar og informasjonsfolk.

Asger Schnack (Danmark) har gitt ut diktsamlingar, essaysamlingar, barne- og ungdomsromanar. Den danske forfattaren har motteke ei rekke prisar for forfatterskapen sin og har drive to avantgardeforlag.

Karl Seglem (Oslo/Årdal) er ein institusjon i norsk musikk. Sidan 1988 har han som soloartist og med egne grupper gjeve ut 25 album. Seglem sin musikk har stort spenn. Som tenorsaksofonist og bukkehorn-spelar er han i ein klasse for seg, og som komponist har Seglem meisla ut eit heilt eige tonespråk: verdsmusikk med norske

røter - støy frå bukkehorn, elektronika-svev og vakre klangflater, rurale folketone-ekko frå hardingfelestrøk og heftig urban improvisasjon.

Ingrid Storholmen (Gotland/Verdal) debuterte i 2001 med "Krypskyttarloven" og fekk stor merksemd både for denne og for si neste samling "Skamtalen Graceland" (2005). Ho har skreve "Sirispelet", ein slags mediterande monolog. Hennes tredje diktsamling er "Siriboka" (2007). Storholmen romandebuterte i 2009 med "Tsjernobyľfortellinger" som har fått strålande kritikkar.